

KLASSISK

SJUR HAGA BRINGELAND sjurhabring@gmail.com



Oslo Strykekvartett blei grunnlagd i 1991. Foto: Andrej Grlic

Klangarkitektur

Oslo Strykekvartett spelte meisterverk frå kvartettlitteraturen i Bergen.

KONSERT

W.A. MOZART, N.H. ASHEIM, M. RAVEL:

Strykekvartettar

OSLO STRYKEKVARTETT.
OPUS 16 I BERGEN, ONSDAG 6
MARS.

Bergen Kammermusikkforening held konsertane sine i gamle Bergens Kreditbank på Vågsallmenningen, i nyrenessansebygningen som på folkemunne blir kalla «Banco Rotto». Den hyser no hotellet med det noko kryptiske namnet Opus 16. Nyss gjekk det opp for meg kva namnet tyder: 16 er opusnummeret til «a-mollkonserten», og bygningen hyser også ei lita permanentutstilling om Grieg.

Konserten med Oslo Strykekvartett førre onsdag synte eit vidt spenn i kvartettlitteraturen. Han byrja med mogen wienerklassisisme av Wolfgang Amadeus Mozart (1756–1791) og blei avslutta med klassisistisk inspirert impresjonisme av Maurice Ravel (1875–1937). Mellom dette fekk me samtidsmusikk av Nils Henrik Asheim (fødd 1960).

ASHEIM OG RAVEL

I Asheims strykekvartett *Learn to wait* frå 2022 ligg der løynd ein folketone frå Telemark, nemleg «Jökolen og fagran fonni». Eg oppfatta ikkje tonen, for det er vanskeleg å kjenna att noko ein ikkje kjenner frå før. Tydeleg var derimot dåmen av kvit og frostal fonn; karrig harde akkordar blei avløyste av isklåre overtoneklanger, og mangelen på basstonar fekk det heile til å sveva. Dei musikalske verkna-dene var effektive, for Asheim kan komponisthandverket, og framføringa til muskarane var god. Men utviklinga i stykket – detaljane i høve til heilskapen – dette fekk eg aldri heilt grep om.

Mest «heime» gav muskarane inntrykk av å kjenna seg

i Ravels *Strykekvartett i F-dur*, op. 35. Stykket frå 1903 er meir neoklassisk enn impresjonistisk, med klår form og utvikling. Stundom fekk eg assosiasjonar til Grieg, særleg i fyrstesatsen (i sidetemaet), der fyrstefiolinen og bratsjen spelar den lyriske melodien parallelt over celloens luftige pizzicato-bass. Pizzicatoar innleiar også den rytmiske andresatsen, som var ein samspelsmessig kraftprestasjon. Tonaliteten er her eksotisk austerlandsk. Om Ravel var inspirert av såkalla gamelan-musikk frå Java, eller av baskisk folkemusikk, veit me ikkje – men satsen er uansett festleg.

MOZART

Om Ravel blei best framført, var konsertens kompositoriske høgdepunkt Mozarts *Strykekvartett nr. 23 i F-dur*. I denne tredje og siste av dei såkalla «prøyssiske kvartet-tane», som var hans aller siste innan sjangeren, spelar celloen ei nøkkelrolle. Ja, så virtuos er cellostemma at det stundom kling som ein cellokonsert. Verkgruppa var då òg dedisert til ein ivrig amatørcellist, nemleg kong Fredrik Vilhelm II av Preussen, i 1790.

Der er ein vedunderleg balanse ved den musikalske arkitekturen, særleg i fyrstesatsen, der temaa sprett som pingpongballar mellom instrumenta. Framføringa av den snøgge sistesatsen var best – sjølv om cellisten burde justert ned vibratoen sin nokre hakk. Når celloen bivrar for mykje på basstonane, skiplar dette det harmoniske fundamentet i ensembleklang.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er muskar, musikkvitar og fast musikk-meldar i Dag og Tid.



Lytt til artikkelen i DAG OG TID-appen eller på dagogtid.no



Julia Holter seier at albumet er inspirert av menneskekroppen. Foto: Camille Blake

og Latetia Sadier, for ganske tilfeldig å nemne tre artistar som er plateaktuelle med forfriskande hybrid musikk. Ein endar ofte opp med å famle etter sjanger i møte med slike eventyrlyste uttrykk, som tidvis vert omtalt som «kunstpop», «ambient» eller «ein variant av jazz», fordi det er så mykje som skjer der.

Holter sjølv omtalar sin sansenære musikk med sanslege omgrep. *Something in the Room She Moves* er inspirert av menneskekroppens kompleksitet og hang til

endring, har ho sagt om det nye albumet, og ho skal sjølv få siste ord også her: «Målet var å lage eit album som lyder flytande, og liknar vatn, som om det vi høyrer, kjem frå den lydlege verda inne i kroppen vår.»

Something in the Room She Moves kjem ut 22. mars.

ØYVIND VÅGNES

Øyvind Vågnes er forfattar, professor ved Universitetet i Bergen, og fast musikkskribent i Dag og Tid.



FIKS FERDIG ALBUM

Når bandet Lucifer Was gjev ut det åttande albumet *Ein Fix Ferdig Mann*, er det gitarist og produsent Thore Engen som har skrive tekstane, medan musikken er skriven saman med vokalist Jon Ruder, som hadde ideen om å skrive nynorske tekstar. Han har tidlegare tonesett dikt av Per Sivle og gjeve ut soloalbum på nynorsk.

Plateomslaget er eit kunstfoto av røroskunstnaren Per Lysgaard. Fotografen er Tom Gustavsen.

NYTT ALBUM FRÅ LADY HARDANGER

Not Fighting Gravity er tittelen på albumet som Lady Hardanger lanserer i dag. Låtane på albumet som er det fjerde i rekka, vart spelte inn på ein terrasse på Kreta og rommar eit mylder av folk og muskarar som bandet har møtt dei siste åra.

Som vanleg er musikken spelt inn live. Denne gongen i Fugleben Studios med Anne Lise Frøkedal bak spakar og mikrofonar.

SISTE DANS I IBSENTRILOGI

I går hadde *Vildanden*, regisert av Marit Moum Aune, urpremiere på hovedscena i Den Norske Opera & Ballet. Balletten er siste stykke i Ibsen-trilogien som Aune står bak. Først ute var *Ghosts – Ibsens Gengangere* (2014), som ho sette opp saman med Cina Espejord, så kom *Hedda Gabler* (2017).

– Vi set opp *Vildanden* for å forske i det å vere menneske, ikkje minst å vise kor avhengig eit barn er av vaksne for å bli bygd som menneske, seier Aune.

Parallelt med at ballettane har blitt utvikla, har muskar og komponist Nils Petter Molvær skrive musikken. Han står sjølv på scena i dei åtte framsyningane som blir dansa i vår.



Grete Sofie Borud Nybakken (t.v.) som villanda. Julie Petanova som Hedvig. Foto: Erik Berg

Arkivet: Esther Phillips

Esther Phillips var tretten år då ho vann ein talentkonkurranse ved å framføre «Baby Get Lost», den gong ein stor hit med Dinah Washington, som var førebiletet hennar. Johnny Otis, the Godfather of Rhythm & Blues, fekk henne inn i stallet, og etter nokre månader gav ho ut «Double Crossin' Blues». Barnestjerna song som om ho visste det meste om livet og plata blei nummer éin på Billboard R&B.

Fleire hitlåter følgde, og turnélivet gjorde ungjenta til alkoholikar og heroinist. Karrieren blei prega av regelmessige opphald på avrusingsklinikkar, men ho kom alltid tilbake etter avbrekka i karrieren.

Ho var ein makelaus fortolkar som song blues, jazz, country, pop, soul og disco med den same

nasale bittersøte røysta. I 1962 tok ho countrysongen «Release Me» til toppen av R&B-listene. Popsuksessen «And I Love Him» blei kåra til ein av dei beste Beatles-coverlåtene av både Lennon og McCartney.

Musikalsk var jazzvokalen på «I'm In the Mood For Love» i 1969 noko av det beste ho gjorde, men plata selde ikkje. Det gjorde coverversjonen til George Benson. Men før ho døydde i 1984, rakk ho å hylle mentoren Dinah Washington med discohit av hennar «What A Difference A Day Made».

ØYVIND PHARO

Øyvind Pharo er litteraturvitar, musikkskribent og DJ.